

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
10. 03. 2017	
Ark. saksnr. 17/927	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Dykkar ref.:

Vår ref.:

5170657/5170657-brev_varsel-oppstart_2017-03-09_flette-naboer

Dato:

2017-03-09

Varsel om oppstart av planarbeid – detaljregulering

E39 Knarvik sentrum

Lindås kommune, Knarvik del av gnr. 188, bnr. 66, 69, 116, 357, 741 m.fl.

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for E39 mellom kryss Kvernhusaugane/ Kvassnesvegen og kryss mot Stallane, samt del av Kvassnesvegen. Planen vert utarbeidd etter Plan- og bygningslova § 12-3 som ein detaljreguleringsplan.

Tiltakshavar er Statens vegvesen og Lindås kommune. Norconsult er plankonsulent og vil stå for utarbeiding av planen.

Nytt bygg for Region Nordhordland Helsehus er under prosjektering og skal etter planen stå ferdig i 2018/19. Byggetiltak i Knarvik sentrum er avhengig av at ny oval rundkøring og tilknytt sidevegar vert ferdigstilt, og prosjektering av naudsynte vegar er starta opp. Detaljreguleringsplanen skal sikre areal for gjennomføring av desse vegtiltaka.

Planstatus

Detaljreguleringsplanen omfattar delar av områdereguleringsplan Knarvik sentrum, plan ID 1263 201002 som vart vedteken 18.06.2015. Planen legg til rette for fortetting og utvikling av Knarvik sentrum. Kryssa mellom E39 og Kvassnesvegen/Kvernhusaugane er samla til eit kryss utforma som ei oval rundkøring. Ved Stallane er det regulert inn ein undergang under E39. E39 er regulert med gang-/sykkeltilbod på begge sider, og dei kommunale vegane er regulert med tosidige fortau.

Konsekvensutgreiing

Tiltaket er i tråd med overordna plan og alle relevante tema er konsekvensutgreia i dette planarbeidet. Ein vurderer det derfor slik at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter *Forskrift om konsekvensutredningar*.

Innhald i planen

Gjeldande reguleringsplan har fastsett vegsystem og arealbruk i området, men det er ikkje sett av areal til anleggsbelte og riggområde for å kunne bygge vegane. Tema i planarbeidet er:

- Optimalisering og detaljering av vegsystemet. Det regulerte tverrprofilen langs E39 er ikkje breitt nok til å bygge vegen etter gjeldande normer. Det kan derfor verte naudsynt å utvide vegarealet enkelte stadar for å trygge mjuke trafikantar, og for å sikre god trafikkavvikling
- I anleggsfasen er det naudsynt med tilgang til areal langs vegen, både for å kunne etablere murar

Norconsult AS

Valkendorfgate 6, NO-5012 Bergen
Pb. 1199, NO-5811 Bergen
Tel: +47 55 37 55 00

Hovedkontor:
Vestfjordgaten 4, NO-1338 Sandvika
Pb. 626, NO-1303 Sandvika

NO 962392687 MVA
post.bergen@norconsult.no
www.norconsult.no

og skjeringar, men og for lage midlertidig omkøyringsveg. Det vil derfor bli regulert eit midlertidig anleggsbelte langs vegane. Når anlegget er ferdig vil desse midlertidige areala bli tilbakeført.

- Sikring av riggområde i anleggsfasen

Avgrensing av planområdet

Planområdet er ca 55 daa og omfattar: E39 mellom Stallane i aust og Kvernhusaugane i vest; Kvernhusaugane til og med innkøyring til Knarvik Senter; Kvassnesvegen forbi planlagt Helsehus og Skysstasjonen; eit belte på begge sider av vegen inklusive felt BB1, BAA, BS6 og BS17 i gjeldande områderegeringsplanen.

I nord blir det varsla oppstart på eit areal der deler av Loneelva er planlagt lagt i røyr. Dette området utgår frå planområdet dersom detaljering av bekkeinntaket viser at det ikkje er naudsynt å regulere.

Endeleg avgrensing av detaljreguleringsplanen blir fastsett etter at E39 er detaljert, og behov for riggareal og areal til trafikkavvikling i anleggsperioden er avklart. Areal som ikkje er naudsynt for å sikre desse behova vil ikkje inngå i det endelege planområdet.

Informasjon om planarbeidet og kontordag

Meir informasjon om planarbeidet finn ein på Lindås kommune si nettside <http://www.lindas.kommune.no> under «Høyringar og kunngjeringar».

Det vert arrangert ein open kontordag der dei som ynskjer det kan koma å få informasjon om planarbeidet:

Stad: Kantina i Nordhordlandshallen

Tid: Torsdag 30. mars kl 16.00-18.30

Spørsmål til oppstartsmeldinga og planarbeidet kan rettast til Norconsult, v/ Marit Mienna, tlf. 55 54 83 33

Alle innsendte merknader vert gjennomgått, oppsummerte og vurderte. Dei vil følgje saka vidare ved handsaming i Lindås kommune, det blir ikkje sendt ut svar på merknadene. Eventuelle merknader/innspeil til varsel om planarbeidet kan sendast skriftleg

innan 24.04.2017


til: Norconsult AS v/ Marit Mienna, Postboks 1199 Sentrum, 5811 BERGEN,
eller e-post: marit.mienna@norconsult.com

Med vennleg helsing
Norconsult AS


Marit Mienna

Vedlegg: Kart med avgrensing av planområdet

T:\US\7006517020\3000\arkiv\K1\K1\planregns_2017_03_08_19_42_LAYOUT - A1 - XREF - 5170657_Tekn. for reguleringsplan. Knard-plangrænse.cma. 5170657_Tekn. GIS



 Statens vegvesen		Tegningsdato	
		Bestiller Lindås kommune	
E39 Knarvik sentrum Planområde for oppstartvarsel Reguleringsplan		Produsert for SVV, Lindås kommune	
		Produsert av Norconsult AS	
		Prosjektnummer	
		Prosjektfasenummer	
Utarbeidet av SAHov		Arkivreferanse	
		Målestokk A1-formal 1:1000, 1:4.000 i A4	
Kontrollert av		Koordinatsystem UTM sone 32N/2000	
		Tegningsnummer/ revisjonsbokstav R101 0	
Godkjent av		Konsulentarkiv 5170657	



T:\GIS\70657\70657\Bilnavn\Kvarvik\Kvarvik\planregulering\Kvarvik\Kvarvik\planregulering_v02_MJ_mood_5170657_tan\planCS5

 Statens vegvesen E39 Kvarvik sentrum		Tegningsdato	
		Besjeller	Lindås kommune
Plangrense for oppstartvarsel Med gjeldende områdereguleringsplan Reguleringsplan		Produert for	SVV, Lindås kommune
		Produert av	Norconsult AS
		Prosjektnummer	
		Prosjektfasennummer	
		Arkivreferanse	
		Målestokk A1-format	1:1000, 1:4000 i A4
		Koordinatsystem	UTM sone 32/INN2000
Utarbeidet av		Kontrollert av	Godkjent av
SAHov			5170657
		Tegningsnummer/	
		revisjonsbakstav	R102 0